



## Statens vegvesen

### Referat

Dato: 12.05.2017  
Tid: Fyll inn.  
Referent: Kaisa Tonheim Banne

Saksbehandler/telefon:  
<Saksbehandlersnavn / tlf>  
Vår dato:  Velg dato.  
Vår referanse:

### Overskrift

**Møte nr:** Fyll inn.  
**Sted:** Nygårdsgaten  
**Møteleder:** Beate Riisnæs  
**Til stede:** Bente Utne, Beate Riisnæs, Arild Hegrenæs, Kaisa Tonheim Banne, Georg Bye-Pedersen, Bjørn Olav Jaggi, Linnea Foldøy Heritier, Tore Andersland, Aina Tjosås, Tina Kvammen Mjøs sinclair og Mons Tore Lyssand  
**Forfall:** Fyll inn.  
**Kopi:** Fyll inn.

Ansvar / frist

#### Gang- og sykkelveg Hegglandsdalen – Valle ca. 900 m.

Det er allereie i dag ein trafikkfarleg veg og behov for å sikre mjuke trafikantar. Dette vert forsterka når ny barneskule står ferdig bygd i 2019. Det skal samstundes etablerast fotballbane og nærmiljøanlegg. Utbyggingane vil føre til langt fleire mjuke trafikantar på strekninga, enn det er i dag.

#### *Prosjektering av gang og sykkelveg*

Grunnundersøknader sett i gang. Desse er venta ferdig i juni. SVV vil sende ut resultat frå undersøkingane så snart dei er klare.

Grunnundersøkingane vil avklare om det er muleg å knyte ein gang- og sykkel til fylkesvegen, utan å skifte ut massar og utbetre vegen samstundes. Dersom vi må masseutskifte og utbetre fylkesvegen, vert det svært kostbart å bygge

Ansvar / frist
<p>gang- og sykkelveg etter reguleringsplan. Då må vi sjå på løysingar med å separerer gang- og sykkelveg frå vegen. Kommunen informerte om at det er masseutskifta på sørlege deler av strekninga, der det er lagt rør og leidningar.</p>
<p>Det er regulert 3 meter gang- og sykkelveg. Kommunen ønskjer ein litt breiare veg for å separere gåande og syklande. Det kan være vanskeleg å få til både ei separering av vegen og gang- og sykkelveg og ei breiare løysing. SVV ser på løysingar for å få til dette innanfor reguleringsplan.</p>
<p>SVV utarbeider eit grovt kostnadsoverslag i løpet av juli når ein har avklart kva som skal prosjekterast.</p>
<p><i>Finansiering av gang- og sykkelveg:</i></p>
<p>Kommunen vil ta kostnader knytt til grøfter og masseutskifting for gang- og sykkelveg, sidan dei samstundes vil legge VA-anlegg.</p>
<p>Det er sett av midlar i 2017 til prosjektering og byggestart under programområde <i>Gang- og sykkelveg</i> på fylkesvegbudsjettet i 2017. Dersom byggekostnadene vert for høge, vert det likevel vanskeleg å finansiere prosjektet. Det vert sett av om lag 20 mill. kr årleg til dette programområdet. Fylkeskommunen har allereie forplikta seg gjennom kontraktar og avtalar, til å finansiere fleire gang- og sykkelprosjekter i fylket i 2018.</p>
<p>Fylkeskommunen kan søke om delfinansiering gjennom ordninga Statlege tilskot til auka sykkelbruk. Det er då muleg å få 50 % av fylkeskommunens del i prosjektet finansiert. Uansett er det viktig å projektere ei rimeleg løysing, sidan det ikkje er mykje att av programområdet <i>Gang og sykke/til</i> fordeling i 2018.</p>
<p>Investeringsprogram skal på høyring i august og skal vedtakast i fylkestinget i desember. Dersom administrasjonen ikkje finn økonomisk rom for å kunne prioritere prosjektet i forslag til politisk behandling, kan kommunen sende søknad om å forskottere prosjektet.</p>
<p><i>Belysning</i></p>
<p>Kommunen ønskjer at belysning vert utbetra snarleg på strekninga. Dette vil være midlertidig utbetring av lystilhøva som vil betre situasjonen til ferdig anlegg er på plass. SVV undersøker opp om det er muleg å prioritere dette prosjektet i 2017.</p>

Ansvar / frist
<p><b>Lyssand AS – innspel til prosjektering</b></p> <p>SVV må vurdere å sette av areal til BIR-containere og postkasser i prosjekteringen av gang- og sykkelveg gjennom Hegglandsdalen. Lyssand fremmer eit utkast til løysing.</p> <p>Lyssandverket ønsker betre overvannshåndtering over vegen. Denne er for liten forhold til utvikling som kan skje. Samme gjelder for vann- og kloakkledning med kryssing av vegen på 2 steder. Lyssand oversender prosjektplan for disse tilleggsarbeider til SVV. Dette kan SVV ta med i anbud og sende rekning til Lyssand AS i etterkant.</p> <p>SVV ser ikkje fordelar med å heve vegen slik Lyssand AS ønskjer. Det vil verte vanskeleg for avkjørsler på andre sidan av eigedomen til Lyssand.</p> <p>Trær som Lyssand AS ønsker fjernet, er ikkje fylkeskommunens eigedom.</p>